

Sakshandsamar:

Joar Helgheim
E-post: joar.helgheim@sfj.no
Tlf.: 415 30 955

Vår ref.

Sak nr.: 13/7001-47
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

11996/14

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 15.04.2014

Handsaming av søknader om tilskot til vilttiltak

Frå: Sogn og Fjordane fylkeskommune

Til: Søkjarane

Løyving til vilttiltak 2014 - disponering av midlar frå statsbudsjettet, Kap. 1425 post 71.

Fylkeskommunen disponerer midlar til vilttiltak løyvd over statsbudsjettet Kap. 1425 post 71 (Miljøverndepartementet [MD], no Klima- og miljødepartementet). Sogn og Fjordane fylkeskommune har fått ei tilskotsråme på 500 000 kr, for året 2014. 100.000 kr av råma er øyremerka til prosjekt Forvaltning av hjortebestand, som del av Miljødirektoratet si finansiering av dette prosjektet.

Fylkesdirektøren har registrert 18 tiltak/søknader som Fylkesdirektøren finn relevant å vurdere i høve denne ordninga. Samla er det søkt om i ca 2,3 millionar kr i tilskot.

Bakgrunn

MD har gjeve retningsliner for bruken av midlane gjennom rundskriv T-1/13 Tilskotsordningar for 2013. Målet for tilskotsordninga er å medverke til at det blir eit haustingsverdig overskot av viltet, og at produktivitet og mangfaldet av artar i naturen blir teke vare på nasjonalt og regionalt. Målgruppa for ordninga er lag og organisasjonar, og i visse tilfelle institusjonar, kommunar og einskildpersonar. Søknader om tilskot til tiltak som er forankra som del av ein plan vil bli prioriterte.

Fylkeskommunen har vedteke følgjande strategiar for vilt- og fiskeforvaltning:

- I. Styrking av kunnskapsnivået, om vilt og innlandsfisk, i Sogn og Fjordane.
- II. Betre organisering av vilt- og innlandsfiskeforvaltning på grunneigarsida.
- III. Utvikling av effektive forvaltingsmodellar for innlandsfisk og vilt.

Desse strategiane er førande for prioritering av søknader.

Rundskriv T-1/13 nemner elles følgjande eksempel på typar tiltak som kan få tilskot:

- Tilrettelegging, organisering og informasjon om jakt og jaktmoglegheiter.
- Kartlegging av viltressursane/viltet sine leveområde og viltinteresser i kommunar og regionar.
- Innarbeiding av viltet sine leveområde og viltinteresser i kommunale planar etter plan- og bygningslova.
- Iverksetjing av tiltak der føremålet er betre bestandsoversyn.
- Oppretting og drift av lokale samarbeidsråd.
- Deltaking i rettshavarane sitt driftsplanarbeid.
- Andre særleg prioriterte viltføremål

Tiltak som får løyving:

Aurland kommune	prosjekt forvaltning av hjortebestand	forvaltning	100 000
Fjaler kommune	Prosjekt forvaltn av hjortebestand 2013-2017	forvaltning	25 000
Hornindal kommune	prosjekt forvaltning av hjortebestand	Regionalt	125 000
Idar Lauge Hatlegjerde	Flått registrering på hjorte	regional/fylke	11 694

Leikanger kommune	prosjekt forvaltning av hjortebestand	Regionalt	125 000
Lærdal kommune	prosjekt forvaltning av hjortebestand	forvaltning	100 000
NJFF Sogn og Fjordane	Utviklingsavtale 2013-2015, Modell for småviltforvaltning	lokalt forvaltning	125 000
Norsk Hjortesenter	Hjort 2014	regionalt	700 000
Sogn og Fjordane bondelag	Vilt- og fiskeseminar	Regionalt	65 000
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Kommunesamling viltforvaltning	Regional	
Sogn og Fjordane skogeigarlag	Forvaltning av hjortebestand 2014	region/fylke	800 000

Tiltak som får avslag:

Fellesanlegget - Tua	Fyrstegongsjegeropplæring - praktisk øving
Fjaler kommune	Aldersbestemming av hjortevilt
Høgskulen i Hedmark	Overvakinga av skoghønsreir
Norsk Hjortesenter	Nettbasert hjorteforvaltningsverktøy
Norsk institutt for naturforskning	Vegetasjonsanalyser i forbindelse med uthegninger
Norsk institutt for naturforskning	Hønsefuglportalen
Sogn og Fjordane Skogeigarlag	Småviltforvaltning i Sogn og Fjordane

Kriterium for vurdering

Nedanfor omtalar og vurderer Fylkesdirektøren alle søknadane ved hjelp av ein felles (tabell-) mal. Det er teke stilling til kva tiltak som får tilskot, utifrå målet med ordninga og fylkeskommunen sin strategiar for viltforvaltning (som omtalt ovanfor). Når det gjeld FOU-tiltak prioriterer fylkeskommunen i utgangspunktet berre tiltak av regional karakter. Det vil seie at når søknadsmengda er stor, så vil nasjonale FOU-tiltak/grunnforskning vanlegvis ikkje få tilskot. Regionale tiltak vil også generelt bli prioritert framfor tiltak av lokal og nasjonal karakter.

Vurdering av tiltak som er prioritert og får tilskot:

Deltaking i prosjekt forvaltning av hjortebestand		Omtale	Vurdering
Journalpost	13/7001-5	Søker om tilskot til å dekke deltaking i prosjekt som vil medverke til kartlegging av/betre oversyn over hjortebestandar og oppretting av grunneigarstyrte bestandsplanområde.	Regionalt utviklingsprosjekt som høver svært godt til føremålet med ordninga og vår strategi for viltforvaltning. «Deltakaravgifta» er lik for kvar einskild kommune (uavhengig av «storleik»/ressursar). Det er naturleg at vi prioriterer tilskot som sikrar at også kommunar som er relativt små (i høve til felling av hjort) kan delta i prosjektet. Fylkesdirektøren finn det rett å gje løyving for eitt år i gangen.
Søkjær:	Aurland kommune		
Søknadssum:	Kr. 66 667		
Totalbudsjett	Kr. 100 000		
Løyvde mildar	Kr. 16 500		
Deltaking i prosjekt forvaltning av hjortebestand		Søker om tilskot til å dekke deltaking i prosjekt som vil medverke til kartlegging av/betre oversyn over hjortebestandar og oppretting av grunneigarstyrte bestandsplanområde.	Regionalt utviklingsprosjekt som høver svært godt til føremålet med ordninga og vår strategi for viltforvaltning. Det er naturleg at vi prioriterer tilskot som sikrar at alle kommunar deltek i prosjektet.
Journalpost	13/7001-3		
Søkjær:	Fjaler kommune		
Søknadssum:	Kr. 12 500		
Totalbudsjett	Kr. 25 000		
Løyvde mildar	Kr. 12 500		

Deltaking i prosjekt forvaltning av hjortebestand		Søker om tilskot til å dekke deltaking i prosjekt som vil medverke til kartlegging av/betre oversyn over hjortebestandar og oppretting av grunneigarstyrte bestandsplanområde.	Regionalt utviklingsprosjekt som høver svært godt til føremålet med ordninga og vår strategi for viltforvaltning. «Deltakaravgifta» er lik for kvar einskild kommune (uavhengig av «storleik»/ressursar). Det er naturleg at vi prioriterer tilskot som sikrar at også kommunar som er relativt små (i høve til felling av hjort) kan delta i prosjektet. Fylkesdirektøren finn det rett å gje løyving for eitt år i gangen.
Journalpost	13/7001-41		
Søkjar:	Hornindal kommune		
Søknadssum:	Kr. 62 500		
Totalbudsjett	Kr. 125 000		
Løyvde mildar	Kr. 12 500		

Flåttregistrering på hjort		Prosjektet er ei bacheloroppgåve der søkjar har registrert flått på hjort i Eid og Gloppen. Føremålet er å få kunnskap om kor på hjorten dei forskjellige stadia av flåtten sit.	FOU-prosjekt med lokal/regional tilknytning. Høyrer innunder målet til ordninga, og til ein viss grad vår strategi for viltforvaltning.
Journalpost	13/7001-7		
Søkjar:	Idar Lauge Hatlegjerde		
Søknadssum:	Kr. 7 694		
Totalbudsjett	Kr. 11 694		
Løyvde mildar	Kr. 7 000		

Deltaking i prosjekt forvaltning av hjortebestand		Søker om tilskot til å dekke deltaking i prosjekt som vil medverke til kartlegging av/betre oversyn over hjortebestandar og oppretting av grunneigarstyrte bestandsplanområde.	Regionalt utviklingsprosjekt som høver svært godt til føremålet med ordninga og vår strategi for viltforvaltning. «Deltakaravgifta» er lik for kvar einskild kommune (uavhengig av «storleik»/ressursar). Det er naturleg at vi prioriterer tilskot som sikrar at også kommunar som er relativt små (i høve til felling av hjort) kan delta i prosjektet. Fylkesdirektøren finn det rett å gje løyving for eitt år i gangen.
Journalpost	13/112-24		
Søkjar:	Leikanger kommune		
Søknadssum:	Kr. 60 000		
Totalbudsjett	Kr. 125 000		
Løyvde mildar	Kr. 15 000		

Deltaking i prosjekt forvaltning av hjortebestand		Søker om tilskot til å dekke deltaking i prosjekt som vil medverke til kartlegging av/betre oversyn over hjortebestandar og oppretting av grunneigarstyrte bestandsplanområde.	Regionalt utviklingsprosjekt som høver svært godt til føremålet med ordninga og vår strategi for viltforvaltning. «Deltakaravgifta» er lik for kvar einskild kommune (uavhengig av «storleik»/ressursar). Det er naturleg at vi prioriterer tilskot som sikrar at også kommunar som er relativt små (i høve til felling av hjort) kan delta i prosjektet. Fylkesdirektøren finn det rett å gje løyving for eitt år i gangen.
Journalpost	13/7001-4		
Søkjar:	Lærdal kommune		
Søknadssum:	Kr. 50 000		
Totalbudsjett	Kr. 100 000		
Løyvde mildar	Kr. 12 500		

Utviklingsavtale 2013-2015, modell for småviltforvaltning		Omtale	Vurdering
Journalpost	13/7001-32	Tiltak for å utvikle forvaltingsmodellar for småvilt og skaffe betre kunnskap om småviltbestandane i Sogn og Fjordane.	Regionalt tiltak som legg til rette for kunnskapsbasert forvaltning av småvilt. Høyrer innunder målet til ordninga og vår strategi for viltforvaltning.
Søkjjar:	NJFF Sogn og Fjordane		
Søknadssum:	Kr. 25 000		
Totalbudsjett	Kr. 60 000		
Løyvde mildar	Kr. 53 000		

Hjort 2014, seminar		Nasjonalt/regionalt seminar med fokus på hjorteforvaltning og kunnskapsformidling.	Viktig arena for viltforvaltning og kunnskapsformidling. Høyrer innunder målet til ordninga og vår strategi for viltforvaltning.
Journalpost	13/7001-15		
Søkjjar:	Norsk hjortesenter		
Søknadssum:	Kr. 75 000		
Totalbudsjett	Kr. 700 000		
Løyvde mildar	Kr. 30 000		

Vilt- og fiskeseminar		Seminar for jakt- og fiskeinteresserte i Sogn og Fjordane.	Viktig regional arena for kunnskapsformidling. Høyrer innunder målet til ordninga og vår strategi for viltforvaltning.
Journalpost	13/7001-42		
Søkjjar:	Sogn og Fjordane Bondelag		
Søknadssum:	Kr. 25 000		
Totalbudsjett	Kr. 65 000		
Løyvde mildar	Kr. 24 000		

Kommunesamling viltforvaltning		Dekking av utgifter til føredragshaldar og dagpakkar til kommunesamling.	Viktig regional arena for kunnskapsformidling. Høyrer innunder målet til ordninga og vår strategi for viltforvaltning.
Journalpost			
Søkjjar:	Sogn og Fjordane fylkeskommune		
Søknadssum:			
Totalbudsjett			
Løyvde mildar	Kr. 17 000		

Prosjekt Forvaltning av hjortebestand		Prosjektet har som mål å etablere bestandsforvaltning av hjort. Det skal identifisere naturlege bestandsområde, etablere felles forvaltning for bestandsområda og etablere gode rutinar for bestandsanalysar og vurdering av bestandsutvikling.	Regionalt utviklingsprosjekt som høver svært godt til føremålet med ordninga og vår strategi for viltforvaltning.
Journalpost	13/7001-37		
Søkjjar:	Sogn og Fjordane skogeigarlag		
Søknadssum:	Kr. 300 000		
Totalbudsjett	Kr. 800 000		
Løyvde mildar	Kr. 300 000		

Vurdering av tiltak som vert avslått

Fyrstegongsjegeropplæring - praktisk øving		Omtale	Vurdering
Journalpost	13/7001-25	Tilrettelegging for fyrstegongsjegeropplæring.	Lokalt tilretteleggingstiltak. Høyrer innunder føremålet med ordninga, men vert ikkje prioritert sidan det er eit lokalt tiltak.
Søkjar:	Fellesanlegget - Tua		
Søknadssum:	25 000 kr		
Totalbudsjett	Kr. 50 000		
Løyvde mildar	Kr. 0		
Aldersbestemming av hjortevilt		Aldersanalyse på felte hjort, i Fjaler, for å undersøke alderssamansetjing i jaktuttaket	Lokalt tiltak for betre bestandsoversyn. Høyrer innunder føremålet med ordninga og vår strategi for viltforvaltning, men vert ikkje prioritert sidan det er eit lokalt tiltak.
Journalpost	13/7001-2		
Søkjar:	Fjaler kommune		
Søknadssum:	Kr. 30 000		
Totalbudsjett	Kr. 50 000		
Løyvde mildar	Kr. 0		
Overvaking av skogshønsreir		Overvakingsprosjekt for skogshøns, med føremål å få meir kunnskap om «reirøvarar».	Nasjonalt FOU-prosjekt, som ikkje vert prioritert hjå oss.
Journalpost	13/7001-16		
Søkjar:	Høgskolen i Hedmark		
Søknadssum:	Kr. 200 000 (til saman frå alle fylkeskommunane?)		
Totalbudsjett	Kr. 250 000		
Løyvde mildar	Kr. 0		
Nettbasert hjorteforvaltningsverktøy		Utvikling av nettbasert rettleiing i hjorteforvaltning.	Nasjonalt utviklingsprosjekt, som ikkje vert prioritert hjå oss.
Journalpost	13/7001-17		
Søkjar:	Norsk hjortesenter		
Søknadssum:	Kr. 450 000		
Totalbudsjett	Kr. 450 000		
Løyvde mildar	Kr. 0		
Vegetasjonsanalyser i forbindelse med uthegninger		FOU-prosjekt knytt til beiteeffektar av hjortevilt mv.	Nasjonalt FOU-prosjekt, som ikkje vert prioritert hjå oss.
Journalpost	13/7001-8		
Søkjar:	Norsk institutt for naturforskning		
Søknadssum:	Kr. 400 000		
Totalbudsjett	Kr. 400 000		
Løyvde mildar	Kr. 0		
Hønsfuglportalen		Utvikling av portaløysing for bestandsdata knytt til hønsfugl.	Nasjonalt utviklingsprosjekt, som ikkje vert prioritert hjå oss.
Journalpost	13/7001-29		
Søkjar:	Norsk institutt for naturforskning		
Søknadssum:	Kr. 450 000		
Totalbudsjett	Kr. 770 000		
Løyvde mildar	Kr. 0		

Småviltforvaltning i Sogn og Fjordane		Utvikling av metodar for god og målretta småviltforvaltning, på grunneigarsida.	Regionalt utviklingsprosjekt som høyrer innunder føremålet med ordninga og vår strategi for viltforvaltning. Det vert likevel ikkje prioriter no, fordi vi ynskjer å konsentrere innsatsen om utvikling av den grunneigarstyrte hjorteforvaltninga dei nærmaste åra.
Journalpost	13/7001-28		
Søkjar:	Sogn og Fjordane skogeigarlag		
Søknadssum:	Kr. 50 000		
Totalbudsjett	Kr. 50 000		
Løyvde mildar	Kr. 0		